

To pågripne for valdsepisoden på Frekhaug

Politiet pågreip tysdag kveld to av tre personar som skal ha stått bak valdsepisoden på Meland aktiv søndag.

Gunn Berit Wiik
gunn.berit@strilen.no

– Me har tatt to for medverknad. Han som skal ha utført sjølve kroppsskadane på dei to skadde, har me ikkje fått tak i enno, seier lensmann Kjell-Idar Vangberg.

Han fortel at dei to vart pågripne under eit avhøyr tysdag kveld og at avhøyra skal fortsetja i dag.

Det var søndag, like etter klokka 14.00, politiet fekk melding om slagsmål i treningsrommet til Meland Aktiv på Frekhaug. Der skal ein mann ha gått til angrep på to austuropearar med ei vektstong, og stukke av i ein bil etterpå.

Begge ofra blei sende til sjukehus med brotskadar. Den eine skal blant anna ha knekt eine handa, og den andre skal ha brote begge armene.

– Har du inntrykk av at dei involverte partane kjenner kvarandre?

” Me har tatt to for medverknad. Han som skal ha utført sjølve kroppsskadane på dei to skadde, har me ikkje fått tak i enno.

– Saka er framleis er under etterforsking, så dette er alt eg vil ut med på noverande tidspunkt, understrekar lensmannen.

HER: Treningsrommet på Meland Aktiv er eit treningsrom som er ope for alle.

Foto: Erlend Nordland Kristiansen



Viking og mellomaldar MARKNAD PÅ LYGRA 10. - 12. AUGUST



Aktivitetar
for barn

Historisk handverk og kampkunst
Levande formidling
Opplevingar for store og små

Opningstider:

Fredag 10.08 kl 14-18
Laurdag 11.08 kl 11-18
Sundag 12.08 kl 11-16

Inngang:

Vaksen kr. 40
Barn kr. 20
Familie kr. 80 (2+2)

AKTIVITETAR LAURDAG OG SUNDAG KL 12-15

Bogeskyting, sverdkamp, vikingspel, tinnstøyping, lag di eiga skinnpung

Restaurant Matstova på Lyngheisenteret har meny inspirert av vikingtid og mellomaldar, og i kinosalen kan du sjå korte filmsnuttar med vikingtema.

For detaljert info: www.facebook.com/NHFVikinger
www.lyngheisenteret.no



Bli med på turar med D/S OSTER Laur. 11. august og søn. 12. august:

Laurdag den 11. frå Knarvik kl. 0900, gjennom Alverstraumen, Radsundet forbi Fargarholmen og Bruknappen, gjennom Kjelstraumen til Fønnes kl. 1145.

Det går buss frå Fønnes kl. 1702 til Knarvik og Bergen.

Takst: Vaksne kr. 150, born 3 – 16 år ½ takst.

Ombord er det salg av Betasuppe, vaflar mm.

OSTER går frå Fønnes kl. 1430 til Myking kl. 1645.

Takst: Vaksne kr. 100, born 3 – 16 år ½ takst.

Kveldstur med OSTER på Hindenesfjorden:

Frå Myking kl. 1700, Åsgard kl. 1730 og frå Askelandsvåg kl. 1815.

Turen går inn til området Kvammen-Eidatræet-Heltveit med retur til Myking kl. 1900, Åsgard kl. 1920 og til Askelandsvåg kl. 2000. Takst: Vaksne kr. 100, born 3 – 16 år ½ takst. Ombord er det salg av hot dog, vaflar, is og brus.

Søndag den 12. frå Askelandsvåg kl. 0830, Fønnes kl. 1100, Furnes kl. 1200 – 1400. Vidare gjennom Kvigesundet, Eivindvik havn, forbi Skjerjehamn med Kong Olav-statuen, Mjømna og til Fønnes 1645. Takst: Kr. 400 for vaksne og born 3 – 16 år ½ takst. Ombord er det salg av Betasuppe, vaflar mm. OSTER går direkte til Bjørsvik, med stopp i Knarvik og Leiknestangen dersom det er reisande dit. Takst: Vaksne kr. 150, born 3 – 16 år ½ takst.



Nordhordland Veteranbåtlag